




SEKTORPLAN OPPVEKST 2025 - 2036



**«EIN GOD OPPVEKST
VARER LIVET UT»**

Vedteke i Bjørnafjorden kommunestyre 18.09.25

INNHALD

1. Forord.....	3
2. Innleiing	4
Overordna mål i arbeidet med den gode oppveksten	4
Samfunnsoppdrag, visjonar og verdiar	5
Verdiar og haldningar hos tilsette.....	6
Konkretisering av utfordringsbilde i vår kommune.....	7
3. Hovudmål, delmål og tiltak	9
Folkehelse og livskvalitet	10
Slik vil vi ha det:	10
Slik gjer vi det:.....	10
Læring og meistring	11
Slik vil vi ha det:	11
Slik gjer vi det:.....	11
Treffsikre og framtidsetta tenester	12
Slik vil vi ha det:	12
Slik gjer vi det:.....	12
4. Kunnskapsgrunnlag	13
Kunnskapsmodellen «Barnets behov i sentrum»	14
Involvering i planarbeidet.....	16
Barn og unge sine tankar om ein god oppvekst	17
5. Sentrale føresetnader for ein god oppvekst.....	19
Barnesyn	19
Laget rundt barnet	19
Samordna og treffsikre tenester.....	20
“Foreldre treng meir informasjon om tenestetilbodet i kommunen.” (sitat frå SU-møte).....	20
Tidleg innsats	21
Barnet sitt beste.....	21
Barnet si stemme.....	21
6. Folkehelse og gode oppvekstvilkår	23
7. Frivillige lag og organisasjonar – sentrale samarbeidspartnarar for ein god oppvekst	24

1.FORORD

«Ein god oppvekst varer livet ut». Derfor er det viktig at barn og unge opplever sterke inkluderande fellesskap der dei føler seg heime og får utvikle seg i tråd med eigne føresetnadar og med støtte frå trygge vaksne og ikkje opplever utanforskap. Heile lokalsamfunnet er avgjerande for å få dette til: Føresette, barnehage, skule, frivillige lag og organisasjonar—og kvar enkelt innbyggjar (barn, ungdom og vaksne). Alle er viktige aktørar i barn og unge sine liv:

«Det trengs ei heil bygd for å oppdra, danne og utdanne eit barn»

Alle barn og unge i Bjørnafjorden skal ha ein oppvekst prega av trivsel, tryggleik og meistring gjennom godt foreldresamarbeid, rett kompetanse nær barn og unge, tverrfagleg samhandling og inkluderande fellesskap. Av og til oppstår likevel utfordringar eller vanskar. I Bjørnafjorden samarbeider vi på tvers for å sikre at barn og unge får den hjelpa dei treng.

Frå Bjørnafjorden blei etablert som kommune i 2020 har vi arbeida systematisk med å utvikle samarbeidet på tvers, både internt og eksternt, til det beste for barn og unge.

«Vi gir oss aldri på samarbeid - til barnets beste»

Alle som arbeider med barn og unge skal vere trygge vaksne og sjå det enkelte barn som enkeltindivid og i samspel med andre. Eg er stolt over oppvekstlaget i Bjørnafjorden som kvar dag arbeider for at barn og unge skal få ein god start og vere del av gode og utviklande fellesskap.

Når vi tar heile Bjørnafjorden i bruk kan barn og unge vere ein del av eit helsefremjande samfunn som gir rom og plass for mangfald der alle har ein plass i flokken. Leiarar og tilsette har eit særskilt ansvar, men alle innbyggjarane i kommunen må vere bidragsytarar for at måla i planen skal bli ein realitet.

Dei lovpålagte oppgåvene som er nedfelt i nasjonalt lovverk og statlege føringar styrer kommunen sitt arbeid på oppvekstfeltet. Sektorplanen tek utgangspunkt i sentrale og lokale føringar for oppvekstfeltet og innspel vi har fått i dei mange involveringsøktene vi har hatt. Tusen takk til alle som har gitt sitt bidrag og involvert seg i arbeidet.

Avgjerande for å lukkast:

Kunnskapsrike og kompetente tilsette

Involvering av barn, unge og familiar i saker som gjeld dei

Gode møteplassar

God samhandling mellom likeverdige deltakarar i laget rundt barn og unge, uavhengig av rolle.

Bjørnafjorden, 30.04.25

Line Rye
Kommunalsjef Oppvekst

2.INNLEIING

Bakgrunnen for planarbeidet er ei bestilling i planstrategien for 2020-2023. Kommunedirektøren ga eit eige mandat for sektorplanarbeida, der det står at sektorplanen skal:

- ✓ vere den overordna strategiske planen for sektoren
- ✓ legge til rette for ei ønskt utvikling
- ✓ danne grunnlag for andre underliggande planar
- ✓ fremme samarbeid og heilskapleg tenking internt i kommunen, og mellom kommunale og andre instansar
- ✓ innehalde strategiske val knytt til tenesteyting (drift og investering), og gje grunnlag for prioriteringar i budsjett og økonomiplan
- ✓ bidra til treffsikre tenester, heilskapelege tenester og innovasjon i tenesteytinga
- ✓ følge opp mål og strategiar frå samfunnsplanen

Planen er delt i tre delar: Ein innleiande del (kap.1 og 2), ein handlingsdel med mål, strategiar og tiltak (kap.3) og ein kunnskapsdel (kap. 4-7) som refererer til sentrale dokument, forskning, samfunnsutvikling og involveringsøktene med leiarar, tilsette, barn og elevar og føresette.

Overordna mål i arbeidet med den gode oppveksten

Sektorplan oppvekst bygger på målsettingar i kommuneplanen sin samfunnsdel som legg vekt på at barn, unge og familiar skal leve gode liv i Bjørnafjorden. Det skal vere trygt og godt å vekse opp i kommunen vår. Barn og unge skal få ein god start i livet, og dei skal oppleve å høyre til, vere del av eit fellesskap og føle seg verdsett. Dei skal oppleve meistring og tryggleik på dei arenaene dei er på. Både kommunen sine tilsette, lag og organisasjonar, næringsliv og heile lokalsamfunnet er sentrale aktørar.

Dei verdiane som blir lagt til grunn for oppvekstområdet sitt arbeid, er blant anna nedfelt i FNs barnekonvensjon, Rammeplan for barnehagen, Lov om barnehage? Opplæringslova, Lov om barnevern, Kunnskapsløftet, Oppvekstreforma og Likeverdsreforma, samt i kommunen sine eigne planar, som til dømes kommuneplanen sin samfunnsdel for Bjørnafjorden kommune.

Eit døme på sentrale føringar er henta frå «Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO»:

”Et bærekraftig velferdssamfunn forutsetter at flere deltar i arbeidslivet, og at flere står lenger i arbeid. Derfor satser regjeringen på utdanning og kunnskap for alle. Tidlig innsats og inkluderende fellesskap er avgjørende for å sikre at alle barn og unge kan nå sine drømmer og ambisjoner. Regjeringen har som mål at alle barn og unge skal ha like muligheter til allsidig utvikling og læring, uavhengig av bakgrunn og forutsetninger. Vi skal ha et utdanningssystem som bidrar til at alle kan oppleve mestring og verdien av kunnskap og fellesskap.”

13.09.24 la regjeringa fram Meld. St. 34 (2023–2024) «En mer praktisk skole — Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn». [Meld. St. 34 \(2023–2024\) - regjeringen.no](#). Denne vil vere eit sentralt styringsdokument framover.

Bjørnafjorden kommune har i samfunnsdelplanen vedteke at berekraftsmåla i FN skal flettast inn i kommunen sine delplanar. For oppvekstsektoren er følgjande berekraftsmål vurdert som relevante:



FNs berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for verda for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Sektorplan oppvekst skal bidra til å nå FN sine berekraftsmål.

Samfunnsoppdrag, visjonar og verdier

Oppvekstplanen byggjer på Bjørnafjorden kommune sitt samfunnsoppdrag (misjon), visjon og verdier. Dette ligg til grunn for alt arbeid i kommunen.



Bjørnafjorden skal vere ein god kommune å vekse opp i, og alle barn, unge og deira familiar skal kunne leve gode liv. Å legge til rette for dette er hovudoppgjaget vårt.

Sektorplanen er eit politisk og administrativt styringsverktøy som skal sikre heilskap og samanheng i arbeidet med barn og unge sin oppvekst i åra fram mot 2036. Planen omfattar alle tenestoområda innan oppvekstfeltet; barnehage, skule og Familiens hus, men den er også forpliktande for arbeid som skal gjerast i andre sektorar; Helse og velferd og Samfunnsutvikling.

Samfunns målet for oppvekstsektoren er:

Det gode liv for ALLE barn, unge og deira familiar i Bjørnafjorden kommune.

Verdiar og haldningar hos tilsette

Kommunen har dyktige tilsette som kvar dag arbeider for å sikre at barn og unge i vår kommune utviklar seg, lærer og er ein del av fellesskapet. Som tilsett i kommunen skal vi strekke oss for å nå målet om det gode liv for alle barn, unge og deira familiar. Tett og godt samarbeid på tvers av einingar og sektorar er avgjerande.

Barn og unge skal bli sett, høyrte og verdsett. Verdiane fortel oss korleis vi skal møte barn og unge, føresette, kollegaer og innbyggjarar generelt.

Vi lyttar med respekt	Vi er inkluderande
Vi finn smarte løysingar	Vi gjer det vi seier

Tilsette i Bjørnafjorden kommune

- har fokus på barnet sitt beste
- involverer og lyttar til barn og unge, og vektlegg synspunkta deira i avgjersler som vedkjem dei
- bidreg til at barn og unge utviklar meistringstru.
- er autoritative og fremmer positiv sosial utvikling.
- viser tillit og anerkjenning i møte med andre.

Oppvekstsektoren har over tid arbeidd med å etablere og halde ved like eit felles verdigrunnlag for alle som jobbar med barn og unge. Den vaksne har ansvar for kvaliteten på relasjonen til barna, og den profesjonelle har ansvar for å handle med utgangspunkt i eigen uro for eit barn si utvikling.

Den vaksne har denne haldninga i møtet med barn og unge:

«Alle barn er våre barn»

Det betyr at vi følgjer opp og bidreg når vi observerer noko uavhengig av om barnet er ein del av mi avdeling, gruppe eller klasse

Den vaksne skal formidle til barn og unge:

Eg ser deg

Eg høyrer deg

Eg er interessert i å høyre kva du tenker og kva du seier

Eg undrar meg saman med deg

Konkretisering av utfordringsbilde i vår kommune

Bjørnafjorden kommune har fortsatt ei ung befolkning.

Hovudutfordringane til Bjørnafjorden kommune er m.a. knytt til stor variasjon i folketal, demografi, areal og arealbruk i ulike delar av kommunen. Vi har hatt folkevekst med tilhøyrande stort press på areal i fleire krinsar på Os-sida av fjorden. Andre stader har det vore liten vekst og god plass, medan det i nokre bygder og krinsar har vore så stor nedgang i folketalet at det har gått ut over tenestetilbod og sosialt liv. Her er det store utfordringar knytt til alderssamansetjing og låge fødselstal. Svak folketalsutvikling aukar risikoen for dårlegare folkehelse. (henta frå Samfunnsdelen Utfordringsbilete s.7)

Kommunen har stram økonomi og vekst i tenester og behov hos brukarane. For å møte utfordringsbildet blir Innsatstrappa og Bustadstrappa nytta som felles rammeverk for utvikling av heile kommunen. Trinna viser kommunen sitt tilbod gradert etter i kor stor grad dei ulike tenestene påverkar mottakar sitt liv. Jo lenger opp i trappa, jo større påverking. Ressursbruken aukar oppover i trappa.

Målet er å dreie meir av ressursane til eigenmestring og førebyggjande tiltak (trinna nedst i trappa). Tenestene skal byggje på kvarandre, uavhengig av sektor. Slik skal vi nå visjonen om det gode liv for alle i Bjørnafjorden, i ei tid der presset på kommunen aukar og innbyggjarar i ulike aldersgrupper har behov for fleire og meir omfattande tenester. Dei økonomiske rammene og mangel på fagkompetanse vil vere utfordrande i åra framover.

Nokre utvalde nøkkeltal knytt til barn og unge.


- Barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt, er lågare enn landsnivået. Vedvarande låg hushaldsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60 prosent av median hushaldsinntekt i Noreg.
- Ungdomsskuleelevar som svarer at dei opplever tilbodet av treffstader for unge som svært bra eller nokså bra er lågare enn landsnivået. Trygge møteplassar for ungdom som er tilgjengelege for alle kan førebyggje utanforskap og rusbruk, og fremje god sosial utvikling og vennskap.
- Ungdomsskuleelevar som har mange psykiske plager, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Kommunen kan fremje god psykisk helse hos barn og unge gjennom tiltak som gode fritidstilbod, tilgjengelege helsetenester, førebyggjande program i skulen og støtte til familiar.
- Barn (0-17 år) i kommunen som er innvandra eller norskfødt med innvandrarforeldre, er lågare enn landsnivået. Talet på barn som innvandrar har auka mellom anna som følgje av krigen i Ukraina.
- Resultata frå nasjonale prøvar i lesing 5. trinn ligg signifikant lågare enn landssnittet og har gjort det over tid.
- Bjørnafjorden har over tid vore på grønt nivå når det gjeld grunnskulepoeng, og gjennomføringsgrad på vidaregåande skule er på landsgjennomsnittet.
- Vi har ei auke i tal elevar med eit bekymringsfullt skulefråvær, og same utvikling skjer også nasjonalt.
- På 7. trinn er det ein større del hos oss enn i fylket og landet som opplever digital mobbing. På 10. trinn ligg Bjørnafjorden høgare enn landet når det gjeld alle former for mobbing.
- Barnehageforeldra i Bjørnafjorden er svært nøgde, særleg med barnet sin trivsel i barnehagen.

- 4 % av barn og unge i alderen 0-17 år i Bjørnafjorden har barnevernstiltak. Dette er ikkje signifikant anna nivå enn landet. Gjennom oppvekstreforma har kommunen større ansvar for å sikre førebyggjande og tidleg innsats (Folkehelseoversikta 2023-2026 s.46)

Den nyaste Ungdata undersøkinga blei gjennomført i februar 2024. Ungdata er ei nasjonal ungdomsundersøking, i regi OsloMet og KORUS, der skuleelevar over heile landet svarar på spørsmål om korleis dei har det, og kva dei driv med på fritida. 2664 elevar i Bjørnafjorden har svart. Dette er ein god svarprosent.

Lenke til rapport: [Slik er det å vere ung i Bjørnafjorden 2024 - Bjørnafjorden kommune](#)

Ungdata undersøkinga er ei viktig undersøking retta mot alle barn og unge i vår kommune frå 5 trinn og ut vidaregåande skule. Resultata i undersøkinga viser at dei fleste barn og unge i Bjørnafjorden har det bra, men det er likevel alvorleg å sjå kva tala fortel om einsemd, stress, usikkerheit, mistrivsel og dårleg sjølvbilete. Dette pregar mange unge liv og kan påverke folkehelsa både på kort og lang sikt. Resultata i Ungdata-undersøkinga blir brukt aktivt i arbeidet inn mot barn og unge lokalt i Bjørnafjorden.



3.HOVUDMÅL, DELMÅL OG TILTAK

Hovudmålet for oppvekstsektoren er:

«Det gode liv for ALLE barn, unge og deira familiar i Bjørnafjorden kommune».

Alle barn og unge skal oppleve tryggleik, tilhøyrslø, trivsel og meistring. For å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge skal vi ha tilsette som er kompetente og trygge i rollene sine. Dei er genuint interesserte i det enkelte barnet, ungdommen og familiane.

Tilsette i kommunen med ei aktiv rolle knytt til eitt spesifikt barn skal samarbeide med resten av laget rundt barnet eller ungdommen. Føresette, og barn eller unge sjøve, skal i utgangspunktet alltid vere ein del av laget. Når det er hensiktsmessig, bør for eksempel også spesialisthelsetenesta, andre eksterne aktørar, slekt eller nettverk vere ein del av laget rundt barnet.

Det er avgjerande for barn og unge sin vidare vekst og utvikling å bli verdsett som individ, med sine sterke og svake sider, sine behov og sitt potensiale for utvikling.

Barnehage, skule og SFO er viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtilitt. Dette er igjen grunnleggjande for motivasjon, oppleving av meistring og utvikling av tru på egne evner, og kan i høg grad verke inn på psykiske helseforhold, positivt og negativt, både i barndom og seinare som ung og vaksen. God folkehelse byggjar vi der barn og unge lev liva sine. Barnehage, skule, SFO og fritid er sentrale arenaer i folkehelsearbeidet.

Prioriterte innsatsområde i sektorplanen

Basert på lovverk, nasjonale føringar, innhenta kunnskapsgrunnlag og involveringsarbeidet er det tre prioriterte område i sektorplanen som er sentrale for å oppnå det gode liv for alle barn, unge og deira familiar i Bjørnafjorden kommune:

1. Folkehelse og livskvalitet
2. Læring og meistring
3. Treffsikre og framtidsretta tenester

Under kvart område er det formulert eit hovudmål for det området. Under «Slik vil vi ha det» er det definert delmål for å nå hovudmålet for området. Tiltaka for å nå måla er skildra under «Slik gjer vi det».

Oppfølging av hovudmål, delmål og tiltak vil skje gjennom konkretisering i budsjett- og økonomiplan og gjennom rapportering i «Kvalitetsmelding for barnehage og skule», «Tilstandsrapport for barnevern» og andre relevante temaplanar.

“Eg har det aller best i barnehagen når eg får leike med venner.”
(sitat frå barn i barnehage)

“Ein skule der alle har lyst til å vere! Ikkje berre for dei som vil sitte bak ein pult.”
(sitat frå elev ungdomstrinnet)

Folkehelse og livskvalitet

Barn og unge opplever inkluderande og trygge oppvekstmiljø som fremjar folkehelse og livskvalitet. Dei opplever å høyre til i eit nabolag og lokalsamfunn prega av fellesskap, sosial samhandling og varierte fritidsaktivitetar.

Vi skal oppfylle barn og unge sin rett til medverknad og arbeidar for å redusere utanforskap og sosiale skilnader.

Slik vil vi ha det:

- Barn og unge opplever eit trygt og godt fysisk og psykososialt oppvekstmiljø.
- Barn og unge møter trygge, omsorgsfulle og tydelege vaksne i liva sine og det er godt samarbeid mellom heimen og dei ulike arenaene som barnet deltar på.
- Barn og unge opplever at dei er gode nok som dei er, og at barndommen har ein eigenverdi.
- Nulltoleranse for utestenging, krenking, mobbing, diskriminering og trakassering.
- Barn, unge og familiar treffast på gode møteplassar som skapar vennskap, samhold og bidrar til å bygge nettverk.
- Barn og unge set pris på, og er stolt av, heimstaden sin. Dei opplever at naturen, kulturen og næringslivet i lokalsamfunnet blir brukt for å gje barn, unge og familiar eit variert tilbod.
- Barn og unge blir involvert og høyrde, og synspunkta deira blir lagt vekt på i avgjersler som gjeld dei.
- Alle oppvekstarenaene til barn og unge har fokus på å fremje god fysisk og psykisk helse.

Slik gjer vi det:

- Alle vaksne skal førebygge og arbeide for å motverke utanforskap, utestenging, krenking, mobbing, diskriminering, trakassering og sosial skilnad.
- Alle barn får delta på fritidsaktivitetar gjennom gode økonomiske ordningar for inkludering.
- Allsidige og godt tilrettelagte møteplassar for barn og ungdom.
- Legg til rette for tilgjengelege, gode turområde og leikemiljø.
- Barn og unge blir møtt av vaksne som ser dei og støttar dei fagleg, sosialt og emosjonelt.
- Det er tilbod om rettleiing som støtter og styrker føresette i foreldrerolla
- Faste strukturar for samarbeid mellom idrettslag, kultur og kommunale tenester.
- Føresette vert oppmoda om å delta og bidra på barn og unge sine oppvekstarenaer.
- Det er samarbeid mellom næringsliv/lokalsamfunn og barnehage/skule
- Barn og unge blir involvert i planlegging og utvikling av det fysiske- og psykososiale miljøet som dei er en del av.
- Det blir arbeid for gode transporttilbod for barn og unge.

Læring og meistring

Alle barn og unge har eit inkluderande og inspirerande læringsmiljø som stimulerer til fagleg og sosial utvikling, gjennom trygge relasjonar, trivsel, læring og meistring.

Alle barn og unge har likeverdige tilbod og utviklingsmoglegheiter ut i frå sine føresetnader. Mangfald er anerkjent og verdsett som ein ressurs. Barnehage, skule og fritid gir barn og unge kunnskap og ferdigheiter dei treng til vidare utdanning og deltaking i samfunnet i framtida.

Slik vil vi ha det:

- Barn og unge opplever kvalitet på opplæringa, som legg grunnlag for livslang læring.
- Tilsette som motiverer og støttar barn og unge sitt utviklingspotensiale.
- Barn og unge opplever trivsel og godt læringsmiljø i barnehage og skule.
- I overgangar er det fokus på utveksling av erfaring, kompetanseoverføring og kontinuitet for å sikre samanheng og progresjon i læringa.
- Barn og unge utviklar digital kompetanse som er nødvendig for å delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv.
- Alle tilsette har relasjonell og fagleg kompetanse.
- Alle elevar gjennomfører vidaregåande skule.
- Elevane kjenner til og har forståing for læringsutbytte.
- Elevane opplever skulen som meir praktisk, variert og relevant.
- Barn og unge utviklar god sosial kompetanse.
- Barnehagar og skular skal vere trafikksikre.

Slik gjer vi det:

- Vi nyttar samtale med barn og ungdom i kartlegging av læringsmiljø.
- Kvardagen er prega av lek, glede og humor.
- Vaksne har ansvar for å leggje til rette for gode vennskap og at alle skal ha minst éin ven.
- Barn og unge møter tilsette som gir dei følelse av meistring, og som støttar og utviklar lærelyst.
- Motivere ungdom til å fullføre vidaregåande skule.
- Tilsette har kunnskap om, og gir barna, gode moglegheiter for fysisk aktivitet i barnehage, skule og SFO.
- Nyttar foreldreressursen inn mot eit inkluderande læringsmiljø.
- Vi har læringsarenaer som legg til rette for leikande, utforskande, praktiske, kreative eller fysisk aktive arbeidsmåtar. Vi har balanse mellom skjerm og bøker.
- Vi gir tilpassa undervisning og møter barna «der dei er».

Treffsikre og framtidssretta tenester

Barn, unge og familiar opplever treffsikre og framtidssretta tenester, der tverrfagleg samarbeid, samhandling og brukarmedverknad er vektlagt. Tenestene er samordna, saumlause, heilskaplege og godt koordinerte både på system- og individnivå. Sektoren vidareutviklar seg i tråd med forskning, kunnskap og nye digitale løysingar.

Sektoren skal vere med å skape eit utviklande og inkluderande oppvekstmiljø. Alle barn og unge skal oppleve god støtte fagleg, sosialt og emosjonelt, slik at dei kjenner seg verdsett.

Det er nødvendig å legge til rette for gode møteplassar for å løyse utfordringane til barn, unge og familiar, og for å skape dei beste løysningane saman med dei. Vi skal snakke saman og finne gode løysningar for den gode oppveksten til barn, unge og familiar no og for framtida.

Slik vil vi ha det:

- Barn og unge får rett hjelp, til rett tid og med bruk av rett kompetanse.
- Tenestene samarbeider for tidleg identifisering av sårbare barn, unge og familiar som treng ekstra støtte og oppfølging.
- Barn og unge og deira familiar får målretta, kunnskapsbaserte og koordinerte tiltak.
- Vi har tilsette som er på ungdommane sine arenaer, både fysisk og digitalt.
- Tilsette praktiserer tverrfagleg samhandling, samarbeid og erfaringsutveksling.
- Barn, unge og føresette opplever å bli lytta til og får medverke i saker som gjeld dei.
- Føresette opplever at det er lett å ta kontakt med og få rettleiing frå dei ulike tenestene.
- Bjørnafjorden kommune har aktive rådsorgan for godt samarbeid.

Slik gjer vi det:

- Kunnskapsbaserte tiltak blir sett i verk på lågast mogleg nivå.
- Foreldrestøttande tiltak som er tilpassa barn og unges utviklingsnivå og behov.
- Gode planar, og gjennomføring av tiltak, for alle overgangar som gjeld barn og unge.
- Tidleg involvering av foreldre, og eventuelt barn og unge, og innhenting av samtykke til tverrfagleg samarbeid.
- Barn, unge og føresette vert sett og lytta til, i møte med varme og tydelege vaksne.
- Vi gir god informasjon om tenestetilboda innanfor oppvekstsektoren.
- Gjennomføre brukarundersøkingar og systematisk oppfølging.
- Nyttar internkontrollsystem med rutinar og prosedyrar, som avdekkjer og lukkar avvik.
- Tilsette reflekterer og har erfaringsdeling av god praksis.
- Tilsette legg til rette for godt foreldresamarbeid, og nyttar foreldra som ein ressurs.
- Tilsette får tilbod om kompetanseheving og rettleiing.

4. KUNNSKAPSGRUNNLAG

Den 4-årige Folkehelseoversikta, Bjørnafjorden kommune sin folkehelseprofil og oppvekstprofil, UngData undersøkingane m.m. er nytta for å skildre utfordringsbilete i samband med utvikling av mål og strategiar.

Sentrale spørsmål i utarbeidinga av sektorplanen har vore:

- Korleis skal vi klare å gi treffsikre tenester til barn, unge og deira familiar fram mot 2034?
- Korleis kan vi bidra til å gi barn og unge gode og trygge oppvekst- og læringsmiljø?
- Kva må til for at barn og unge i Bjørnafjorden skal oppleve livsmeistring?
- Korleis sikre både høg trivsel og høg fagleg kvalitet på opplæringa i barnehage og skule?
- Korleis kan vi bidra til at barn og unge opplever å høyra til og vere ein del av eit fellesskap?

Folkehelse rapporten for Bjørnafjorden er eit grunnlagsdokumentet som gir kunnskap og innsikt i kommunen sitt utfordringsbilete. Alle kommunar skal utarbeide ny folkehelseoversikt kvart fjerde år (folkehelselova § 5). Den nyaste utgåva finn du her: [folkehelseoversikt-2023-2026.pdf](https://www.bjornafjorden.kommune.no/folkehelseoversikt-2023-2026.pdf) ([bjornafjorden.kommune.no](https://www.bjornafjorden.kommune.no))

Helsedirektoratet utarbeidar årleg folkehelse- og oppvekstprofilar for kommunane i Noreg. Folkehelseprofilane gir informasjon om helsetilstanden, og det som påverkar den, i kommunane. Oppvekstprofilane samlar statistikk frå ulike sektorar på éin stad, og gir ein god peikepinn på korleis oppvekstvilkåra er i dei ulike kommunane: <https://www.fhi.no/he/folkehelse/folkehelseprofil/>

Oppvekstområdet har utarbeidd eigne planar knytt til elevtalsutvikling/barnetalsutvikling og tilgjengelege plassar i skule og barnehage:

- Barnehagebruksplan 2023-2034 er ein plan som skal bidra til å sikre heilskapleg og langsiktig oversikt over kapasitet og behov for barnehageplassar i Bjørnafjorden kommune: [barnehagebruksplan-2022-2034-oppdater.pdf](https://www.bjornafjorden.kommune.no/barnehagebruksplan-2022-2034-oppdater.pdf) ([bjornafjorden.kommune.no](https://www.bjornafjorden.kommune.no))
- Skulebruksplan 2022-2034 er ein plan som viser korleis kommunen skal utvikle og bruke skulebygg og uteområde: [bjornafjorden.kommune.no/skule-barnehage-og-familie/skule/planar-for-skulane-i-bjornafjorden/skulebruksplan-for-skulane-i-bjornafjorden-kommune/](https://www.bjornafjorden.kommune.no/skule-barnehage-og-familie/skule/planar-for-skulane-i-bjornafjorden/skulebruksplan-for-skulane-i-bjornafjorden-kommune/)

I tråd med krav i barnevernslova er Plan for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar vedteke i kommunestyret: [Førebyggande plan](#)

Oppvekst legg årleg fram «Kvalitetsmelding for barnehage og skule», samt «Tilstandsrapport for barnevern».


Alle planane og rapportane som er omtala her er viktige kunnskapsgrunnlag for prioritering av innsatsområde i sektorplanen.

Kunnskapsmodellen «Barnets behov i sentrum»

I Bjørnafjorden kommune skal denne kunnskapsmodellen, og omgrepa i den, ligge til grunn for arbeidet vårt når vi samhandlar og samarbeider om tilbodet til barn, unge og deira familiar.

Kunnskapsmodellen «Barnets behov i sentrum», også kalla «Trekanten», er både eit kunnskapsgrunnlag og eit praktisk verktøy for heilskapleg vurdering av barn og unge sine behov, samt kva risiko- og beskyttelsesfaktorar som ser ut til å påverke behova.

Modellen er eit økologisk rammeverk der barnet si utvikling blir sett på som eit resultat av samspelet mellom dei ulike sidene og faktorane i «Trekanten»: Barnet sjølv, foreldra si omsorg og forhold i familie og miljø. Generelt kan ein seie at dersom barn får dekkja desse grunnleggjande behova, har det ein beskyttande verknad. I motsett tilfelle – dersom behova ikkje vert dekkja – vil det representere ein risikofaktor.



Barnets behov i sentrum – en kunnskapsmodell

Kunnskapsmodellen Barns behov i sentrum er et økologisk rammeverk der barnets utvikling ses på som et resultat av samspillet mellom ulike dimensjoner i barnets liv; barnet selv, foreldrenes omsorg og forhold i familie og nærmiljø. De tre hoveddimensjonene i rammeverket er delt inn i totalt 11 mer spesifikke områder, som igjen kan knyttes til en rekke delområder. Oppstillingen av delområder er ikke uttømmende, men er ment som veiledning til sentrale tema for informasjonsinnhenting, kartlegging og evaluering knyttet til undersøkelse og tiltaksarbeid. Husk at delområdene omfatter både risikoforhold og beskyttende forhold i barnets liv.

Barnets utvikling

1. Helse handler om både fysisk og psykisk helse, allmenn helsetilstand, og oppfølging og kontakt med helsetjenester og tannlege.

2. Barnehage og skole handler om kognitiv fungering, trivsel, faglig fungering, motivasjon for læring og fravær.

3. Følelser og uttrykk handler om barnets følelsesmessige og atferdsmessige utvikling og uttrykk. Det kan være emosjonelle problemer, utfordrende atferd, temperament, selvbilde, kulturell identitet, sosiale ferdigheter og selvstendighet.

4. Venner og fritid handler om barnets relasjoner til og kontakt med foreldre, rolle og fungering i familien, relasjoner til søsken og voksne utenfor familien, interesser og deltakelse i fritidsaktiviteter, lek og relasjoner til venner og jevnaldrende.

Foreldrenes omsorg

1. Grunnleggende omsorg handler om foreldrenes ivaretagelse av barnets grunnleggende fysiske, emosjonelle og materielle behov, hverdagsrutiner og barnets ansvar i hjemmet.

2. Følelsesmessig tilgjengelighet handler om barnets stabilitet i kontakt med sine omsorgspersoner, foreldrenes evne til følelsesmessig regulering av barnet, deres støtte og beskyttelse av barnet og deres evne til å forstå barnet og se barnets behov.

3. Stimulering og veiledning handler om foreldrenes evne til individtilpasset stimulering og veiledning av barnet og foreldrenes markering av grenser og respekt for barnets integritet.

4. Beskyttelse handler om foreldrenes tilsyn med barnet. Dette kan handle om beskyttelse mot farer i hverdagen og fysisk, psykisk eller seksuell vold, eller det å være vitne til vold og overgrep.

Familie og miljø

1. Familieforhold handler om familiestrukturene rundt barnet. Dette gjelder både den nåværende familiesituasjonen, bakgrunnen og historikken. Det kan være hvordan familien er satt sammen, forholdet familie-medlemmene imellom, fysisk og psykisk helse, funksjonsnedsetting, rusmisbruk og kriminalitet, nære relasjoner og tidligere livserfaringer.

2. Bolig, økonomi og arbeid handler om stabilitet og kvalitet i boforhold, antall flyttinger, arbeid, sysselsetting, økonomi og hvordan barnet eventuelt påvirkes av disse faktorene.

3. Nettverk og sosial integrering handler om de personer barnet og familien har kontakt med. Dette gjelder både private og profesjonelle relasjoner.


Lauritzen, Vis, Havnen & Fossum (2017): Barnevernets undersøkelsesarbeid - Evaluering av Kvellomalen. Revidert i 2022.

Involvering i planarbeidet

Eit overordna samfunnsmål er eit levande demokrati med brei og likeverdig deltaking der grunnleggjande menneskerettar blir respektert. Moglegheita til å påverke og forme samfunnet rundt seg og kunne gi uttrykk for sine synspunkt og meiningar er viktig. Hensikta med medverknad er ikkje å oppfylle alle sine ønskje, men å få innspel og forstå kva som er viktig for dei som blir omfatta av planen.

Det har vore brei medverknad i arbeidet med sektorplan for oppvekst: Vi vil takke for god og engasjert deltaking undervegs i prosessen. Kvar enkelt si medverknad har vore avgjerande for innhald og profil i oppvekstplanen.

Barnehagebarn og elevar frå barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule har medverka via arbeidsmøte, samtaler, intervju, ungdomspanel.




“Eg føler vi blir høyrte når vi blir spurt, men ikkje alltid vi blir spurt.”
“Elevråd blir tatt seriøst.” (sitat frå elev på ungdomstrinnet)

“Viktig at de ikkje berre snakkar med elevråd- og MOT-elevar. De må snakke med alle for å få stemmen til dei andre.” (sitat frå elev på ungdomstrinnet)

Leiarar i Oppvekst, frå kommunale og private einingar, har delteke på strategisamlingar og drøfta gode oppvekstvilkår for barn, unge og familiar. På desse samlingane har også tillitsvalde og hovudverneombod vore med. Tema har vore: «Kva god praksis har vi» og «kva kan bli betre». Tilsette frå barnehagar, skular og Familiens hus har vore involvert i arbeidsøktar der tema har vore «korleis vi vil ha det» og «kva gjer vi».

Det er gjennomført involveringsøkt for alle samarbeidsutvala (SU) i kommunale og private barnehagar og skular. Der var tema blant anna korleis vi saman kan jobbe for gode oppvekstvilkår og inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule.



“Foreldre må engasjere seg.”
(sitat foreldrerepresentant)

Godt samarbeid: Vere open og snakke om utfordringane i ungdomsmiljøet.” (sitat foreldrerepresentant)


Barn og unge sine tankar om ein god oppvekst

I arbeidet med sektorplanen har vi fått meir kunnskap og innsikt i kva barn og unge i Bjørnafjorden kommune meiner er ein god oppvekst. I planen vil du finne fleire sitat frå dette involveringsarbeidet.

Kort oppsummert er hovudfunna:

Å vere inkludert:

«Viss nokon inviterer, spør dei om eg vil vere med.»



Eit godt nærmiljø:

“Vi har venner å vere med, vi høyrer til og er trygge.»

Trygge og omsorgsfulle vaksne:



“Det er vaksne som tek unge med på råd som gjeld dei sjølv.”

“Gode vaksne er vaksne som tar barn og unge på alvor, bryr seg og er tydelege på ein grei måte.”


Gode møteplassar:

«Vi ønskjer å ha ein plass å vere. Vi kan vere heime hos kvarandre, men ikkje der dei vaksne er. Det kan vere naust eller garasjar der vi kan vere for oss sjølve, men der det er vaksne i nærleiken om vi treng det. Det kan vere spel eller anna der, men det er ikkje så viktig».



Robuste barn og unge og støtte frå vaksne:

«Vi vil handtere utfordringar sjølv, men få hjelp og støtte av dei vaksne til å stå i det som er vanskeleg.»



God læring:

«Vi ønsker oss tilgang til både skulebøker og digitale verktøy slik at undervisninga blir variert.»


«Vi treng at læring blir forklart og sett inn i ein samanheng som gir mening.»

5.SENTRALE FØRESETNADER FOR EIN GOD OPPVEKST

For at barn og unge i Bjørnafjorden skal ha ein god oppvekst har vi vaksne fokus på følgande forhold:

Barnesyn

Når eit barn eller ein ungdom ikkje har det bra, kan dei uttrykkja dette på ulike måtar. Ofte er det vanskeleg for barn og unge å finne ord for å uttrykke kva som gjer vondt, og vanskaner kan ta form av åtferd som ikkje er så lett å forstå. I Bjørnafjorden har vi eit undrande og positivt barnesyn: Barn er ikkje vanskelege, dei kan ha det vanskeleg. Å ha kunnskap om teikn og signal som gir grunn til uro er ein del av fagkunnskapen til alle tilsette som jobbar med barn, unge og familiar.



“Gode haldningar hos alle partar er viktig i samarbeidet.”
(sitat frå SU-møte)

Laget rundt barnet

”**Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danne og utdanne eit barn.**” Dette betyr at heile kommunen og alle lag, organisasjonar og innbyggjarar kan gjere ein forskjell for at barn og unge kan vekse opp og få gode liv.


Som kommune ønsker vi å bidra til å ta i bruk heile laget og både utfordre og invitere lokale aktørar til å spele ei rolle i oppvekstmiljøet til barn og unge.

Det er i kommunane at barn og unge lev liva sine, men spesialisthelsetenesta og andre regionale og nasjonale aktørar kan også ha ei viktig rolle i barn og unge sine liv og deira utvikling.

«Vi gir oss aldri på samarbeid – til barnet sitt beste»: I Bjørnafjorden kommune skal vi til ei kvar tid forplikte oss på samarbeid til barnet sitt beste. Det betyr at vi finn gode samarbeidsarenaer og samarbeidsverktøy som kan hjelpe oss å få dette til. I 2024 tok kommunen i bruk eit digitalt verktøy som vil vere ein nøkkel i dette arbeidet: Samhandlingsmodellen «Betre Tverrfagleg Innsats» (BTI).

[Bjørnafjorden – BTI – Betre samarbeid for barn og unge i Bjørnafjorden kommune](#)

Modellen beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei uro eller bekymring til, eller som det er behov for eit samarbeid eller eit tverrfagleg samarbeid rundt. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og medverknad; både brukarmedverknad og foreldreinvolvering.



“Ein god lærar er engasjert og viser forståing for elevane. Fint at lærar startar timen om måndagen med å snakke om helgen. Det blir kjekt og vi ler saman.” (Elev på barnetrinnet)

«Er veldig ok å snakke med Ungdomsteamet.» (sitat frå elev, ungdomstrinnet)


Samordna og treffsikre tenester

I kommunen har vi eit vidt spenn av oppgåver og mange ulike profesjonar. I Bjørnafjorden kommune skal vi dra nytte av kvarandre sin kompetanse, utfylle kvarandre sine tenestetilbod og arbeide aktivt for ei heilskapleg tilnærming til barn, unge og familiar. For å oppnå dette er det behov for samordning av tenestene og treffsikre tenester. Dette betyr at tenestene skal arbeide saman og sikre framdrift og rett hjelp til rett tid til barn, unge og deira familiar.

Omgrepet «samordning» er knytt til kommunen si samordningsplikt og refererer til alt som skjer av samarbeid, samhandling og koordinering. Samarbeid handlar om det konkrete arbeidet ein gjer for saman å løyse utfordringa. Samhandling handlar meir om den gjensidige relasjonelle deltakinga mellom dei aktuelle aktørane, mens koordinering handlar mest om å få ting til å fungere saman.

Samordning inneber strengare krav til forplikting og formalisering enn samhandling og samarbeid. Alle paratar, med ulik kompetanse, er likeverdige deltakarar som skal bidra til å finne gode løysningar.

Vi skal jobbe målretta, effektivt og heilskapleg – og utan at det oppstår brot i oppfølginga.



“Foreldre treng meir informasjon om tenestetilbodet i kommunen.” (sitat frå SU-møte)

“For å sikre gode oppvekstvilkår for alle, må dei vaksne ha blick for alle, ikkje berre sine egne barn.” (sitat frå SU-møte)

For å lukkast med den gode oppveksten er involvering av barn, unge og familiar i saker som gjeld dei heilt avgjerande.

Involvering av og samarbeid med foreldre er viktig både i det førebyggjande, selekterte og indikerte arbeidet med barn og unge. Heimen er ein viktig arena. Føresette har eit overordna ansvar for egne barn og er ofte ein avgjerande aktør, og skal derfor i utgangspunktet alltid vere ei del av løysinga. Foreldreinvolvering inneber også at føresette på eige initiativ kan involvere kommunale tenester.

Det skal leggjast vekt på involvering, dialog og samarbeid gjennom jamlege møtepunkt.

Tidleg innsats

Alle tilsette og tenester skal arbeide for tidleg innsats. Tidleg innsats handlar om auka førebygging, arbeid med å oppdage utfordringar, sårbarheit og risikoforhold hos barn, unge og familiar både tidleg i alder og tidleg i «problem utviklinga», samt rett hjelp til rett tid – å sette i verk tiltak så tidleg som mogleg for å førebygge uheldig utvikling eller eskalering.

Barnet sitt beste


Barnet sitt beste vurdering inneber at barnet må stå i sentrum og vere førande i alt arbeid som gjerast.

Ved handlingar og i avgjersle som gjeld barn, skal det som er det beste for barnet bli særskild vurdert og vere eit grunnleggande omsyn. Det offentlege er forplikta til å vurdere om ei handling gjeld barn eller kan få konsekvensar for barn, og gjere ei vurdering av barn sine rettar etter m.a. Grunnloven og barnekonvensjonen.

Barnets beste er også tatt inn i Grunnloven § 104 andre ledd. Den er utforma etter modell av FNs barnekonvensjon artikkel 3, og skal bli forstått på same måte. Prinsippet om barnet sitt beste gjeld både i enkeltsaker og for barn som gruppe. Barn er til stade på dei arenaer i samfunnet og mange avgjersler påverkar barn, enten direkte eller indirekte.

Kva som er til barnet sitt beste må bli avgjort frå sak til sak. For å kunne vurdere dette konkret, må vi ha kunnskap om situasjonen og behova til det aktuelle barnet, eller den bestemte gruppa barn. Kva barnet sjølv meiner er ein viktig del av kunnskapen i vurderinga av barnet sitt beste, og det er nær samheng mellom barnet sitt beste og barnet sin rett til å bli høyrd [Barnets beste – Barneombudet](#)

Det er ein verdi i seg sjølv at barn blir involvert, dei vil med dette også få erfaring med deltaking i samfunnet og auka tillit til samfunnet.



«Viktig å vere trygg på ein god måte. Mange gruer seg for å rekke opp handa, blir redde for å seie feil og at nokon skal le av det dei seier» (sitat frå elev barnetrinnet)

Barnet si stemme

Barnet si stemme handlar om barnet sine rettar og moglegheiter til å bli høyrtd, til sjølv å delta i avgjerder som gjeld eigen situasjon (medråderett) og til å bestemme sjølv (sjølvråderett).

Både foreldre og det offentlege har plikt til å sørge for at barnet får informasjon og fritt kan gi uttrykk for egne synspunkt i alle forhold som gjeld barnet, samt at barnet sine meiningar blir vektlagt i samsvar med barnet sin alder og modning.


Barn sin rett til å bli høyrtd, medråderett og sjølvråderett er blant anna knytt til personlege forhold, eiga sak eller eige tenestetilbod.

Rettar knytt til barnet si stemme, er nedfelt blant anna i [barnekonvensjonen, art. 12](#), [grunnlova](#), [forvaltningsloven](#), [pasient- og brukerrettighetsloven](#), [helse- og omsorgstjenesteloven](#), [barnelova](#), [barnevernsloven](#), [opplæringslova](#), [barnehageloven](#), og [forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver](#).

6.FOLKEHELSE OG GODE OPPVEKSTVILKÅR

Alle barn skal ha like moglegheiter i oppveksten. Dette krev systematisk arbeid på fleire felt, og eit godt og systematisk folkehelsearbeid.

Ein god oppvekst er prega av trygg og stabil tilknytning til omsorgspersonar, gode vaksenmodellar og velfungerande barnehage, skule, nærmiljø og buforhold. For at barn og unge skal oppleve meistring og bygge ressursar er det viktig å utvikle god sjølvkjensle og eigenverdi, og særleg viktig er opplevinga av å kunne meistre utfordringar i kvardagen.



Figur 1 viser korleis familie, nærmiljø og andre relasjonar er med på å forme barn og unge

Grunnlaget for psykisk og fysisk helse i vaksen alder blir i stor grad lagt i barne- og ungdomsåra. Økonomisk tryggleik og gode buforhold er viktig for at barn og unge kan fungere godt sosialt og i barnehage og skule.

Fattigdom i barnefamiliar

Noreg er eit land der den generelle levestandarden er høg. Fattigdom og merksemda rundt den har auka. At stadig fleire barn og unge veks opp med risiko for fattigdom, har konsekvensar for det enkelte barn og familien som opplever dette, men også for lokal- og storsamfunnet.

Fattigdom blant barn i Noreg er eit uttrykk for ulikskap i moglegheiter og lite ressursar. Nokon barn og unge har ikkje dei same moglegheitene og ressursane samanlikna med andre fordi dei veks opp i fattige familiar. Det kan gi redusert tilgang til å nytte ulike tilbod som finst innanfor utdanning, fritid og arbeid. Ein oppvekst i fattigdom kan få konsekvensar for barn si framtid, og kan føre til utanforskap og marginalisering. [Fattigdom - veileder om arbeid for barn som lever i fattige familier | Bufdir](#)

7.FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR – SENTRALE SAMARBEIDSPARTNARAR FOR EIN GOD OPPVEKST

Frivilligheita er ein av hjørnesteinane i eit levande demokrati og velferdssamfunn. Det er utarbeid Frivilligstrategi i Bjørnafjorden [Godkjenning av Frivilligstrategi for Bjørnafjorden kommune 2024-2027](#) der det blir lagt vekt på frivilligheita som viktig i eit inkluderingsperspektiv og lagt vekt på å styrke samarbeidet mellom kommune og frivilligheita gjennom samskaping.

Aktivitet i frivillige lag og organisasjonar utgjør ein stor del av livet for mange og blir ofte omtala som “limet” i lokalsamfunnet. Frivillige organisasjonar tilbyr fritidsaktivitetar for barn og unge, idrettslege og kulturelle opplevingar, opplæring, beredskap, interessefellesskap og helse- og omsorgstenester. Frivilligheita er ein sentral arena for å møte andre med like interesser uavhengig av bakgrunn. På desse arenaene utviklar barn og unge sosial kompetanse og ferdigheiter, får venner, byggjer nettverk og opplever meistring. Frivilligheita har ei viktig rolle for å sikre samfunnsdeltaking og nedkjempe sosial ulikskap. Dette er særleg sentralt i arbeidet med å forebygge utanforskap for barn og unge seinare i livet.

Tett samarbeid og god dialog mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar er viktig i arbeidet med å sikre ein god oppvekst, inkluderande fellesskap og god folkehelse. Folkehelselova pålegg kommunane å samarbeide med frivillig sektor. I planperioden vil kommunen ta initiativ til og sikre betre og jamleg dialog og samspel mellom frivilligheita og kommunen. Det er viktig å ta utgangspunkt i at frivilligheita først og fremst er lokal og basert på lokale behov, lokalt initiativ og lokale krefter.

